

Simedalslager

NUMEDØLEN



Januar 2014



Råkåfiskfesten 2014 – festtaler Kjell Bitustøy

Råkåfiskfesten 2014 er på Røa Samfunnshus (Austlivn. 4, like ved Røa T-banestasjon) laurdag 25. januar kl. 18.30.

På menyen står som vanlig råkåfisk frå Bjornesfjorden, lefsekling fra Veggli og mandelpotet.

Festtale ved Kjell Bitustøy som er ein av forfatterane til boka Reinen på Hardangervidda. Han vil snakke mest om Tamreindrifta i Numedal. Kulturhistoria kring reinen på Hardangervidda er mangslungen. Fjellet har vore eit matfat for bygdene kringom i tusenvis av år, det finn ein fysiske minne om. Dyretalet har vore både stort og lite, og reinen både vill og tam.

Moderniteten har gnege seg innpå med vasskraftutbygging, fotturistar og mange hytter i kanten av fjellet. Dette har det vore konflikter kring, like eins omforvaltningaav dyra , og kring spørsmålet om vern.

Tamreindrifta i Numedal held fram like til 1957, men Opdal Renkompani eksisterer fortsatt og dei har også laga ei bok om si historie.

Det blir variert dansemusikk med VÅKK (som står for våre gamle venner Vidar, Åsmund, Kjell og Kjell).

Entre: Medlemmer kr 400, ikke-medl. kr 450.

Påmelding innen 20. januar til: 97 75 40 18 (Bjørg), 45 01 91 36 (Ragnhild) eller e-mail til rilanderud@gmail.com.

Vi vil sette opp buss frå Numedal. Ta kontakt med Ottar for bestilling av buss (32 74 62 16 eller 92 09 52 36).



numedalslaget i oslo

Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 26.02.2014

Styret kallar med dette inn til årsmøte onsdag 26. februar 2014 kl. 19.30 i møterom (til venstre i porten), Nordahl Bruns gt. 22.

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2013
5. Rekneskap 2013
6. Medlemspengar for 2015
7. Nye lover for Numedalslaget (sjå eiga saksframstilling)
8. Innkomne framlegg
9. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 15. februar 2013.

Medlemspengar for 2014

Vedlagt finn du ein giro som skal brukast til å betale medlemspengane for 2013. Medlemspengane for 2014 er:

- Kr. 320,- for vaksne over 26 år
- Kr. 160,- for born/vaksne 14 - 25 år
- Kr. 50,- for born under 14 år
- Kr. 160,- for bi-medlemskap (hovedmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til kontonummer: 0530 19 32474. Betal helst innan 15. april 2014.

Det er berre dei som er hovedmedlemar i Numedalslaget som vil få medlemskort frå oss via NU. Det tek litt tid for NU å lage og sende ut medlemskort. Vi vil derfor be dykk setje kryss i kvitteringsruta på giroen når de betaler og bruke kvitteringa som stadfesting på at de har betalt.



numedalslaget i oslo

Nye lover for Numedalslaget i Oslo

Styret foreslår, mot ei stemme, å vedta nye lover for Numedalslaget i Oslo. Bakgrunnen for dette er at det er lenge sidan reglane vart endra og mange av reglane i lovene ikkje blir praktisert. Det er til dømes strenge krav til at medlemmene må ha sterk tilknytning til Numedal, krav om spesielle nemnder (teaternemnd og skyttarnemnd) som vi ikkje lenger har. Kravet til årsmøtetidspunkt, talet på styremedlemmer og valperioden for styremedlemmer er heller ikkje i samsvar med det årsmøtet har bruka dei siste åra. Lovene inneheld også eit krav om at Numedølen skal leses opp på festar.

Utover desse eksempla på reglar som ikkje vert praktisert, er lovene til dels unødvendig detaljerte.

Dei er heller ikkje i samsvar med mönsterlovene til Noregs Ungdomslag.

I staden for å flikke på eksisterande lover, har styret vald å ta utgangspunkt i NU sine mönsterlover og tilpasse dette til det behovet Numedalslaget har.

Styret foreslår å vedta det nye lovframlegget som ei pakke i staden for å vedta paragraf for paragraf. Dette vil sikre gjennomarbeida lover. Skulle ikkje framlegget få fleirtal, vil styret etter signala frå årsmøtet arbeide fram eit nytt framlegg fram mot neste ordinære årsmøte.

Framlegg til ny lov:

Lov for Numedalslaget i Oslo

Vedteken på årsmøtet 26. februar 2014

§1 Føremål

1. Numedalslaget i Oslo er eit frilyndt lag som ønskjer å skape engasjement og levande lokalmiljø. Laget har som formål å samle



numedalslaget i oslo

numedøler i Oslo til selskapeleg samvær, halde ved like gamle tradisjonar og styrke sambandet med Numedal.

2. Laget er medlem i Bygdelagssamskipnaden og Noregs Ungdomslag. Arbeidet skal drivast i samsvar med føremålet og prinsipprogrammet til Noregs Ungdomslag.
3. Laget skal legge vekt på samarbeid med andre ungdomslag, fylkeslaget og Noregs Ungdomslag for å styrke felles kulturelle og økonomiske føremål.

§2 Medlemskap og årskontingent

1. Alle som godkjenner føremålet til Numedalslaget i Oslo kan bli medlemmer i laget og i Noregs Ungdomslag.
2. Medlemmer melder seg inn i laget ved å betale ein årskontingent etter satsar fastsett av årsmøtet i laget, fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Ungdomslag.
3. Alle medlemmer over 14 år som har betalt årskontingent, og som har vore medlemmer i laget i minst ein månad, har røysterett i laget.
4. Styret i laget har ansvar for medlemserving.

§3 Årsrapportering

1. Arbeidet i laget bør fylge kalenderåret.
2. Laget leverer årsrapport med kontrollerte medlemslister til Noregs Ungdomslag kvart år innan 1. mars.
3. Laget melder inn nyvalde tillitsfolk til Noregs Ungdomslag kvart år så snart årsmøtet i lokallaget er halde.

§4 Årsmøtet

1. Innkalling

Styret i laget kallar inn til årsmøte kvart år. Årsmøtet skal vere halde innan 15. mars og må vere kunngjort på vanleg måte minst 14 dagar i framkant. Omframt årsmøte skal haldast når årsmøtet, lovleg innkalla medlemsmøte, styret i laget eller 1/3 av medlemmene krev det.

2. Saker

Årsmøtet skal handsame årsmelding, revidert rekneskap, arbeidsprogram, budsjett, kontingent og andre saker som styret legg fram for det. Medlemmer og nemnder kan kome med framlegg om saker til årsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg



numedalslaget i oslo

til styret i laget seinast 1 månad før årsmøtet. Årsmøtet kan ikkje gjere vedtak i saker som ikkje er oppsett på lovleg utsendt innkalling.

3. *Gjennomføring*

- a. Årsmøtet konstituerer seg med godkjenning av innkalling og sakliste, val av ordstyrar, referent og 2 medlemmer til å skrive under møteboka.
- b. Årsmøtet vel leiar, 4 styremedlemmer og 3 varamedlemmer, revisor, valnemnd på 3 medlemmer og arbeidsnemnder og tillitsfolk som til ei kvar tid er nødvendige. Leiaren blir vald særskilt for eit år om gongen. Styremedlemmene blir valde for 2 år om gongen, slik at 2 står på val kvart år. Første gongen det blir halde styreval etter denne regelen, eller når det er tvilsmål om kven som står på val, blir det avgjort ved loddtrekning kven som skal vere i styret 2 år framover. Varamedlemmene, revisor og valnemnd blir valde for eit år om gongen. Nemndsmedlemmer blir valde for 2 år og slik at ikkje alle står på val samstundes.
- c. Utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Ungdomslag skal veljast på årsmøtet i laget eller på eit medlemsmøte. Årsmøtet i laget kan gje styret fullmakt til å velja utsendingar.
- d. For drøftingane, val og avrøystingar gjeld dei same reglane som for landsmøtet i Noregs Ungdomslag.

§5 Styret

1. Styret vel seg i mellom nestleiar, sekretær og kasserar.
2. Styret har ansvar for lagseiga og den daglege drifta av laget. Styret har overordna ansvar for arbeidet i nemnder og særgreiner.
3. Styret skal sørge for at årsmøtet får framlagt årsmelding og revidert rekneskap. Dessutan skal det legge fram arbeidsprogram og budsjett for det nye arbeidsåret.
4. Styret rår over lagseiga og skal drive laget på ein økonomisk forsvarleg måte i samsvar med arbeidsprogram og budsjett.
5. Løyvingar/vedtak om investeringar over kr 50.000 og opptak av lån med pant i laget sin eigedom, skal godkjennast av årsmøtet med minst 2/3 fleirtal.
6. Styret er vedtaksført når minst havparten av medlemmene er til stades og røystar.



numedalslaget i oslo

7. Styret skal føre vedtaksprotokoll for styremøte, medlemsmøte og årsmøte. Protokollen frå årsmøtet skal underskrivast av dei to som blir valde av årsmøtet til dette.

§6 Utmeldingar, skifte av føremål og nedleggingar.

1. Dersom laget ynskjer å melde seg ut av Noregs Ungdomslag, må dette vedtakast på 2 vanlege påfølgjande årsmøte, med minst eitt års mellomrom og med minst 2/3 fleirtal. Dersom eit mindretal på minst 5 medlemmer over 14 år vil halde fram med det gamle lagsnamnet og etter det gamle føremålet, tek dette mindretalet over namnet og eiga til laget. Det kan gjerast unntak for eige laget hadde ved innmelding. Slike unntak må gå fram av lover godkjende av Noregs Ungdomslag.
2. Dersom det har gått 1 år ut over den fastsette årsmøteperioden, utan at styret har kalla inn til årsmøte i laget, skal fylkeslaget sørge for at det blir innkalla til årsmøte.
3. Dersom laget 2 år etter kvarandre ikkje har sendt årsrapport etter §3.2, skal laget kontaktast av Noregs Ungdomslag, der nedlegging eller naudsynte tiltak for reaktivisering skal vurderast.
4. Dersom laget 3 år etter kvarandre ikkje har sendt årsrapport etter §3.2, skal laget reknast som nedlagd. Dersom laget i 3 år etter kvarandre ikkje fyller krava til lagsdefinisjonen i Noregs Ungdomslag sine lover, skal det like eins reknast som nedlagd.

§7 Trygging av eiga

1. Numedalslaget har eit eige lotterifond med eigne vedtekter.
2. Det skal ikkje gjerast bruksendringar og ombygging av ungdomshus og anna fast lagseige som fører til at den kulturhistoriske verdien blir øydelagd. Det offentlege regelverket innafor kulturvern skal følgjast.
3. Blir laget lagt ned, skal Noregs Ungdomslag ta vare på eiga til laget i minst 7 år. Om laget er eigar av fast eigedom, skal det samarbeidast aktivt med lokale kulturstyresmakter for at eigedomen skal bli nytta til beste for ungdoms- og kulturarbeid på staden. Dersom andre i ein periode overtak drifta av ein eigedom, skal det takast verditakst på eigedommen ved overtakinga.



numedalslaget i oslo

4. Dersom det, innan 7 år etter det siste årsmøtet i laget, vert skipa eit nytt lag på staden som fyller krava til medlemskap i Noregs Ungdomslag, skal eiga overførast til det nye laget. Det nye laget må dekkje eventuell verdiauke på grunn av påkostnader og utbygging i den perioden andre har drive eigedommen etter takst.
5. Utgiftene til styring av eiga skal dekkjast av eiga. Fylkeslag eller landslag er såleis ikkje økonomisk ansvarleg for styringa. Dersom ungdomshus og anna fast lagseige fører med seg utgifter som ikkje kan eller bør dekkjast av eiga, kan styret i Noregs Ungdomslag godkjenne avhending av slik eige, sjølv om ivaretakingstida på 7 år ikkje er ute.
6. Dersom det ikkje er skipa nytt lag på staden innan tryggingsperioden er ute, skal Noregs Ungdomslag samarbeide aktivt med lokale kulturstyresmakter for at eiga skal bli nytta til allmennyttige eller kulturelle formål i Numedal.

§8 Lagsbruksavgift

Dersom laget eig, driv eller har partar eller luter i forretningstiltak som ikkje kjem inn under lagsrekneskapen, betalar laget kvart år eit tilskot, lagsbruksavgift, til Noregs Ungdomslag. Avgifta er 1 promille av omsetnaden.

§9 Lovendring


1. Framlegg til lovendring skal vere kunngjort minst 14 dagar før årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta endring med 2/3 fleirtal.
2. Endringar av lovene må godkjennast av Bygdelagssamskipnaden.

Eksisterande lover for Numedalslaget i Oslo:

Vedtatt på årsmøte 16.januar 1973 og årsmøte 2.februar 1978

§1. Navn

Lagets navn er: Numedalslaget i Oslo; som er med i Bygdelagssamskipnaden i Oslo, Noregs Ungdomslag.



numedalslaget i oslo

§2. Formål

Laget har som formål å samle numedøler i Oslo til selskapelig samvær, holde ved like de gamle tradisjoner, styrke sambandet med Numedal og støtte friluftsliv og idrett. Laget vil ved foredrag, opplesning, underholdning og ordskifte øke å vekke mer interesse for nasjonalt og kulturelt arbeid. Laget skal være nøytralt i partipolitikk.

§3. Medlemskap

Medlemmer kan de bli som er enig i lagets formål, og som:

- a. er født og/eller oppvokst i Numedal,
- b. har mor eller far fra Numedal,
- c. er gift med Numedøler,
- d. har vært bosatt i Numedal i lengre tid,
- e. i tilfelle andre ønsker å bli medlemmer av laget, så må dette avgjøres av styret.

§ 4 Årskontingenten

- a. Årskontingen fastsettes på årsmøtet, og gjelder for kalenderåret. Hvis styret ikke finner det nødvendig, og det heller ikke er innkommet forslag om forandring innen fastsatt frist, blir kontingen uforandret.
- b. Kontingen skal betales ved sesongens begynnelse. Medlemmer som ikke, senest på første sammenkomst etter årsmøtet, har betalt sin kontingent, blir å betrakte som ikke medlemmer.
- c. De som er fylt 40 år, kan bli livsvarige medlemmer ved å betale 10 ganger den til enhver tids gjeldende kontingent.

§ 5. Styret

Laget skal ha et styre på 6 medlemmer: formann, nestformann, kasserer, sekretær, 2 styremedlemmer og 2 varamenn. De enkelte styremedlemmers funksjonstid er 1 år.

Styret leder laget etter gjeldende lover.

§ 6. Årsmøtet

Ordinært årsmøte holdes i januar måned. På årsmøtet behandles:

1. Årsmelding og revidert regnskap.
2. Valg av formann, kasserer, sekretær, 3 styremedlemmer og 2 varamenn.



numedalslaget i oslo

3. Valg av 2 revisorer, disse velges for 2 år.
4. Valg av hyttestyre. Formann og 5 styremedlemmer.
5. Valg av 3 medlemmer og 3 varamenn til idretts- og skytternemda.
6. Valg av arkivar for 2 år.
7. Valg av 3 personer til fanevakt. Disse velges for 2 år.
8. Valg av formann til teatergruppa.
9. Valg av formann og 2 medlemmer med personlige varamenn til folkedansgruppa
10. Valg av pressemelder, som samtidig skal vre kontaktmann til teatrene.
11. Valg av studieleder.
12. Valg av hjelpekasserer.
13. Valg av redaksjon til "Numedølen".
14. Valg av valgkomite.

15. Eventuelle andre saker som er ført opp på dagsorden.

Viktigere saker som ikke er ført opp på sakslista (benkeforslag) kan drøftes, men ikke avgjøres på samme møte. Forsalg som ønskes behandlet på årsmøtet, må være innsendt skriftlig til styret minst 14 dager før møtet. Ordnaert og ekstraordinært årsmøte skal kunngjøres til medlemmene med saksliste minst 5 dager før møtet. Ekstraordinært årsmøte kan sammenkalles etter vedtak i styret eller etter krav fra minst 1/4 av medlemmene. På alle årsmøter velges 3 av medlemmene på møtet til å underskrive protokollen.

§ 7. Valg

Alle valg krever alminnelig flertall. Formann og kasserer skal velges skriftlig. Nestformann velges innen styret. Uten gyldig grunn har ikke lagets adgang til å nekte å bli valgt. Alle medlemmer er valgbare selv om de ikke er til stede når de på forhånd er blitt forespurt av valgkomiteen. Lagets tillitsmenn har rett til å si fra seg gjenvang i like lang tid som de har fungert.

§8. Vedtak

Styret er vedtaksdyktig når minst 4 er tilstede. Bevilgninger og viktigere beslutninger avgjøres på årsmøtet, og med vanlig flertall. Alle vedtak, samt lagets virksomhet for øvrig (referater og lignende), skal protokollføres av sekretæren. Under avstemning på styremøter har formannen dobbeltstemme når stemmetallet er likt.



numedalslaget i oslo

§9. Lagets midler

Styret har rett til å bruke de midler som er nødvendig til den daglige drift av laget. Kassereren plikter å føre bøker over lagets utgifter og inntekter, og framlegge regnskap når revisorene eller styret forlanger det. Kassereren bør ikke sitte med unødig stor kassabeholdning.

§10. Lagets virksomhet

Møte eller fest bør holdes minst en gang i måneden i sesongen. Lagets sammenkomster skal kunngjøres ved annonser og/eller rundskriv til medlemmene. Det er hvert medlems plikt å bidra til at orden og god oppførsel vises på lagets fester og møter, og ellers gjøre sitt beste for lagets trivsel.

§11. Lagsavisen

Laget skal ha en avis, "Numedølen" som skal leses opp på de vanlige fester og møter. Redaksjonen skal bestå av en redaktør og 2 medarbeidere.

§12. Eksklusjon

Styret kan ekskludere et medlem som det finner uverdig til å bli i laget. Styrevedtak kan likevel, hvis den ekskluderte krever det, legges fram på årsmøtet til endelig avgjørelse.

§13. Opplosning av laget


Laget kan ikke oppløses når minst 10 medlemmer motsetter seg det. Saken må behandles på årsmøtet. I tilfelle opplosning, eller om laget skifter formål, skal eiendelene forvaltes av fylkeslaget i 10 år. Er det innen den tid kommet et nytt lag med samme formål, og som er med i Noregs Ungdomslag, skal dette laget overta eiendelene. Er det ikke stiftet et slikt lag innen 10 år, skal lagets midler utdeles til allmennytige eller kulturelle formål i Numedal.

§14. Lovforandring

Forandring og tillegg av denne lov, kan kun skje på ordinært eller ekstraordinært årsmøte, og da med 2/3 flertall. Til endring av denne paragraf kreves det 3/4 flertall.



numedalslaget i oslo



Avsender: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgrt. 22, 0165 OSL0

Medlemsfordelar i Numedalslaget

20 % rabatt på det norske teateret

10% rabatt på Heimen Husflid i Oslo og på eit utval av kaffistover

Medlemspris på folkedanskveldane i Nordahl Brunsgrt. 22 kvar søndag og
på alle samkomer som Numedalslaget skipar til.